



# Valprogram for Nord-Fron Senterparti 2023 – 2027

# TIL ALLE I NORD-FRON



*Vi skal saman utvikle kommunen vår, slik at den blir enda betre. Kvar dag må vi hjelpe kvarandre med det. Med vår natur, våre menneske, våre bygder og vårt næringsliv har vi dei beste føresetnader for å lykkast. Senterpartiet skal bidra i dette arbeidet og vi vil ta ansvar for den politiske styringa av Nord-Fron. Eg stiller til val som Senterpartiet sin ordførarkandidat.*

Vårt arbeid med valprogrammet har tydeleg vist at Senterpartiet vil prioritere kommunen sine viktigaste oppgåver dei neste fire åra:

- ▶ Dei som treng hjelp for å meistre kvardagen sin skal få det. Det gjeld menneske i alle aldrar, men behova for slik hjelp aukar med alderen. Vi veit at det vil bli eit aukande behov for hjelp til eldre, og kommunen må difor prioritere eldreomsorg høgt i åra som kjem.
- ▶ Dei som veks opp i Nord-Fron skal få eit best mogleg utgangspunkt for utdanning og deltaking i samfunnet. Ein god og trygg oppvekst er fyrst og fremst viktig for den enkelte, men også for at yngre familiar skal etablere og busetja seg her.

## ***Eg vil også peike på nokre andre saksfelt som er viktige for Senterpartiet:***

I større grad enn i dag må vi i Nord-Fron bruke ressursane våre til å skape arbeidsplassar og verdiar i heile kommunen. Vi er rike på areal og fornybare ressursar som vil vera viktige i arbeidet med å omstille oss til eit samfunn med mindre klimautslapp og betre beredskap. Desse ressursane må vi forvalte med lokal kunnskap, på ein slik måte at også kommande generasjonar kan nytte dei.

Kommunen har ei viktig oppgåve i å legge til rette for at næringslivet kan utvikle seg. Vi må gjera dette for dei arbeidsplassane vi har, men det må også vera ei høgt prioritert oppgåve å legge til rette for nye etableringar. Tilgang på areal og god kommunal støtte er avgjерande.



Bustader er nødvendig for tilflytting og etablering. Kommunen må bidra til å utvikle ein variert bustadmarknad som er tilpassa ulike livsfasar, skiftande økonomisk situasjon og funksjonsnivå. For å lykkast med det må kommunen mellom anna utnytte dei verkemidla som Husbanken disponerer, og som regjeringa nå har styrka.

Frivillige lag og organisasjoner er grunnlaget for kulturlivet i Nord-Fron. Kommunen må difor legge til rette for at desse har gode vilkår for drifta si. I tillegg må kommunale anlegg og kulturbygg bli tatt vare på og vera tilgjengelege. Slik vil vi sikre gode møteplassar for alle, der vi kan vera saman om gode opplevelingar.

Eg håper at du tek deg tid til å lesa heile valprogrammet vårt, i tillegg til dei andre partia sine program. Og bruk stemmeretten din!

**Olav Røssum.**

## **HELSE OG OMSORG**

*Å gi gode helse- og omsorgstenester er ei av kommunane sine viktigaste oppgåver. For å oppnå det må det leggast til rette for god og effektiv drift. Det skal vera gode arbeidsvilkår og rammer for dei tilsette, og det skal vera attraktivt å jobbe innan desse tenestene. Det må leggast til rette for god rekruttering. Tenestene må ha ei god grunnbemanning, for å oppnå stabilitet og mindre slitasje på dei tilsette.*

- ▶ I åra framover vil ein få fleire eldre innbyggjarar og kommunen vil få større ansvar for å ta vare på, behandle og følgje opp folk som treng helsehjelp, omsorg og anna bistand. Det vil bli større behov for heimetenester, institusjonsplassar, avlastning og gode dagtilbod. Senterpartiet vil prioritere dette.
- ▶ Kommunen skal ha gode dagtilbod nær der folk bur. Det må vera tilbod alle kan nytte, med trygge rammer. Kommunen må dekke transport til slike tilbod. Senterpartiet vil oppretthalde Kvamstunet, aktivitet på Frivilligsentralen og på Sundheim.



- ▶ Senterpartiet vil opprette eit eige dagtilbod for eldre i Skåbu.
- ▶ Samarbeid med organisasjonar, og menneske som ønskjer å bidra frivillig til helsetenestene er ein ressurs som må sikrast og styrkast.
- ▶ Senterpartiet vil etablere fleire institusjonsplassar på Sundheim.
- ▶ Vi må planlegge og gjennomføre vidare utbygging av fleire bustader med omsorg heile døgnet (såkalla HDO-plassar).
- ▶ Det skal vera gode tilbod om avlastning for dei som bur heime. Pårørande må få god hjelp for å kunne stå i den belastninga dei har i kvarдagen.
- ▶ Menneske med demens skal ha gode og tilrettelagte tilbod. Sundtunet, demens-teamet og dagtilboden for demente må ha nok ressursar til å utvikle seg og møte det aukande behovet.
- ▶ Senterpartiet vil legge til rette for at vi skal ha eit godt fungerande legekontor med stabil bemanning som gir god hjelp til alle i kommunen. Senterpartiet vil arbeide for å oppretthalde legekontoret i Skåbu.
- ▶ Det er mange barn og unge, og unge vaksne som har ulike og samansette utfordringar i kvarдagen. Senterpartiet vil ha eit «miljøteam» for å hjelpe desse. Dette skal gi alle med behov eit godt tilbod og bistand til ein kvardag med meiningsfylt innhald. Slik vil ein tidleg kunne førebyggje eit aukande hjelpebehov. Det må leggast til rette for sentrumsnære kommunale bustader for dei som har behov for det. Interkommunale bufellesskap med bemanning vil kunne gi eit betre tilbod, med større fagmiljø og betre tilpassing av tenestene etter behov.
- ▶ Senterpartiet vil oppretthalde Kvam Trivselsbad og svømmebasseng i Skåbu som viktige helsefremmande tilbod.



# OPPVEKST

*Barnehage og skule skal gi alle barn og unge eit godt tilbod, som er tilpassa den enkelte sine behov. Tilboda skal ha høg kvalitet slik at alle får ein god inngang til skule og vidare utdanning. Senterpartiet meiner at praktisk læring vil gi fleire elevar læringsutbytte, oppleving av meistring og lyst til å lære meir. Dei tilsette i skulen skal ha gode rammer for sitt arbeid, slik at dei kan tilpasse opplegg etter individuelle behov.*

- ▶ Praktisk opplæring skal prioriterast i grunnskulen i Nord-Fron, innan dei rammer som nasjonale læreplanar gir.
- ▶ Ny ungdomsskule på Vinstra skal planleggast med lokalar (arbeidshall) der elevar kan få opplæring i yrkesfag (praktisk arbeid).
- ▶ Det må leggast til rette for at ungdom kan få gode alternative opplæringstilbod. Mellom anna i bedrifter der dei kan få både praktisk og teoretisk opplæring.



*Frå Ruste/Vinstra/Sødorp.*



- ▶ Skulane i Kvam og i Skåbu skal opprethaldast.
- ▶ Barnevernet skal gi tryggleik og hjelp til barn og familiar som treng det.
- ▶ Nord-Fron skal ha barnehagar i Kvam, Skåbu, Ruste og på Vinstra. Nærmiljøet må brukast aktivt og uteområda skal stimulere til fysisk aktivitet.
- ▶ Kommunen skal sikre full barnehagedekning.
- ▶ Nord-Fron kommune skal halde fram med å gi eit økonomisk tilskott til aktivitetar for barn og unge i Skåbu og Tverrbygda, på same nivå som i dag.
- ▶ Nord-Fron kommune skal gi eit økonomisk bidrag til bedrifter som gir ungdom mellom 16-18 år sommarjobb.
- ▶ Alle barn og unge som ønskjer det skal ha eit fritidstilbod. Kulturskulen og ungdomsklubben i Kåja skal utviklast. Frivillig arbeid med idrett, musikk og andre aktivitetar skal ha god kommunal støtte.
- ▶ Opningstida på helsestasjonen må tilpassast slik at ungdom kan besøke stasjonen i skuletida.
- ▶ Nord-Fron kommune skal aktivt forebygge narkotikabruk, gjennom opplysnings- og haldningsskapande arbeid.
- ▶ Senterpartiet vil arbeide for å vidareutvikle Vinstra vidaregåande skule, og for at skulen gir tilbod i fag som næringslivet treng kompetanse i.
- ▶ Nord-Fron kommune må ha læreplassar slik at elevar kan fullføre si vidaregåande opplæring i aktuelle yrkesfag. Desse plassane må følgjast opp med god tilrettelegging for den enkelte eleven.
- ▶ Nord-Fron kommune skal arbeide for at også næringslivet i kommunen tilbyr nok læreplassar.



# NÆRING OG ARBEIDSLIV

*Senterpartiet vil føre ein næringspolitikk som gir bedriftene i Nord-Fron gode vilkår for vidare utvikling. Vi vil legge til rette for at det skal bli enklare å skape sin eigen arbeidsplass. Vi vil bidra til eit arbeidsliv som er basert på ryddige arbeidsforhold, tillit og samarbeid. Landbruk er primærnæringa i Nord-Fron og er grunnlag for svært mange arbeidsplassar i andre næringar. Det må difor leggast til rette for ei positiv utvikling i landbruksnæringa, slik at det blir styrka rekruttering og investering i næringa.*

## **Vi vil:**

- ▶ Prioritere lokale leverandørar ved kommunale innkjøp.
- ▶ Gi tilbod om heile stillingar for kommunalt tilsette.
- ▶ Stimulere unge til å etablere bedrifter.
- ▶ Utvikle næringsareal for bedrifter som vil etablere seg i kommunen.
- ▶ Arbeide for fleire varme senger og arbeidsplassar i reiselivsnæringa.
- ▶ Gi støtte til næringsutvikling gjennom tilskot frå både næringsfond og landbruksfond.
- ▶ Gi økonomisk støtte til planlegging og utviklingsarbeid i landbruksnæringa.
- ▶ Ta vare på landbruksnæringa sitt produksjonsgrunnlag gjennom sikring av dyrka jord og utmarksbeite.



# **FRIVILLIG ARBEID, KULTUR OG IDRETT**

*For å skape gode lokalsamfunn er det nødvendig med eit rikt og variert kulturtilbod. Det må leggast til rette for eit mangfald av kulturaktivitetar, og for at alle skal kunne delta.*

*Frivillig engasjement har stor verdi fordi det gir den enkelte deltakar mykje. Frivillig sektor er ein svært viktig del av fellesskapet og bidreg til at mange viktige oppgåver i samfunnet blir løyste.*

*Kulturskule og idrettstilbod er ein viktig del av den kulturelle grunnmuren. Målet er at alle skal kunne delta i dette, til ein rimelig pris. Kyrkja og grendehusa er viktige samlingspunkt, og vi må ha gode kommunale støtteordningar for desse.*

## **Senterpartiet vil:**

- ▶ Støtte opp under dei tilboda som vi har, og prioritere tilskot til dei aktivitetane som er etablerte i kommunen.
- ▶ Gi god støtte til lag og foreiningar som tilbyr aktivitetar der det er låg terskel for å bli med.
- ▶ Støtte store arrangement innan kultur og idrett som er viktige for næringslivet og er god reklame for regionen.
- ▶ Etablere gode samarbeidsarenaer slik at fleire aktørar i regionen kan utvikle seg vidare.
- ▶ Støtte frivillige organisasjonar som er viktige for beredskap og krisehandtering.
- ▶ Støtte aktivitetar som gir integrering og sosialisering av nye innbyggjarar, særleg flyktningar.
- ▶ At det gode biblioteket vårt skal vera ein møteplass som mange vil bruke.



# KOMMUNEØKONOMI

Nord-Fron har, mellom anna på grunn av inntekter frå kraftverk som ligg i kommunen, gode økonomiske rammer. Det er viktig at den økonomiske styringa av kommunen sikrar at vi også i framtida kan ha dette.

I åra som kjem kan vi i Nord-Fron, mellom anna fordi kraftselskapa vil investere i fornybar energi, få lågare inntekter frå kraftsektoren. Kommunen må førebu seg på at dei økonomiske rammevilkåra vil kunne endre seg i negativ retning. Det vil bety at kommunen sine hovudoppgåver; tenester for barn, unge og eldre, må prioriterast høgare i kommunen sine budsjett.

God planlegging må ligge til grunn for store investeringar, slik at ein unngår store kostnadssprekkar. Ved oppstart av investeringsprosjekt må kommunestyret gjera tydelege vedtak om kva som skal gjennomførast.

Kommunen si lånegjeld var ved siste årsskifte på 604 millionar kroner. Vi står framfor store investeringar dei neste åra, mellom anna i skular på Vinstra og utbygging på Sundheim. Desse må lønnefinansierast, med eit høgare rentenivå enn vi har hatt dei siste åra, og vil redusere det økonomiske handlingsrommet ytterlegare. Prioritering av kommunen sine viktigaste oppgåver, og god økonomisk styring vil difor vera heilt avgjerande i åra som kjem.



Frå Skåbu.



# SAMFERDSEL

*Dei kommunale vegane betyr mykje for innbyggjarar og næringsliv. Godt vegvedlikehald, trafikksikring og bygging av gang- og sykkelvegar er viktig for alle trafikantar, særleg dei mjuke.*

- ▶ Drosje er ein viktig del av kollektivtilbodet vårt. Vi vil legge til rette for ordningar som styrker drosjenæringa i kommunen.
- ▶ Private vegar må ha kommunale tilskot.
- ▶ Gjennom eit godt samarbeid med fylkeskommunen vil vi sikre utbetring og godt vedlikehald av fylkesvegane i kommunen.
- ▶ Dovrebanen er viktig for Gudbrandsdalen. Vi treng fleire av-gangar og eit betre tilbod for både gods- og persontrafikk. Dette må det øvast politisk press for å få til.
- ▶ Nord-Fron kommune må arbeide for at bygginga av ny E6 gjennom Gudbrandsdalen blir fullført, og for at bom mellom Sør- og Nord-Fron på gamle E6 blir fjerna.



*Frå Kvam.*



# NATUR OG MILJØ

I Nord-Fron har vi store og viktige naturressursar. Desse må vi med god lokal kunnskap forvalte slik at generasjonane som kjem etter oss kan ha like stor nytte og glede av dei som vi har. Naturen sine ressursar må nyttast slik at ein også i framtida kan hauste av dei. Nasjonalparkane som ligg i Nord-Fron bør brukast til å gi folk meir kunnskap om verdiane som er i fjellområda våre.

## **Senterpartiet vil:**

- ▶ Arbeide for at det blir etablert besøkssenter for Rondane nasjonalpark i Kvam og Langsua nasjonalpark i Skåbu.
- ▶ Sikre at kommunen oppfyller krava til reduserte klimagassutslepp.
- ▶ Legge til rette for at naturmangfald og kulturlandskap blir tatt vare på.
- ▶ Arbeide for at rovdyr ikkje skal hindre utnytting av utmarksbeite.



Frå Kvikne.



# Vi stiller til val for alle i Nord-Fron

Alle foto: Fotobben/Anne M. Steine



1  
Olav Røssum,  
Kvam



2  
Marthe  
Dypdal,  
Sødorp



3  
Simen Stokke,  
Tverrbrygda



4  
Anja Solberg,  
Kvam



5  
Ola Masseng  
Sylte,  
Kvikne



6  
Liv Helen  
Kristiansen  
Hage, Sødorp



7  
Øystein  
Landgraff,  
Vinstra



8  
Borgny Sletten,  
Sødorp



9  
Pål Thore  
Aasmundstad,  
Ruste



10  
Malin  
Myromslien,  
Kvam



11  
Jan Ove  
Karenstuen,  
Ruste



12  
Øystein Slåen,  
Vinstra



13  
Linda Elin  
Myromslien,  
Kvam



14  
Vemund Hagen,  
Sødorp



15  
Gerd Skansen  
Aasmundstad,  
Vinstra

**Bruk stemmeretten din!  
Stem Senterpartiet!**



Nord-Fron Senterparti

